



# Val av sokneråd i Åmli sokn og Gjøvdal sokn

## - innlevering av kandidatlistar

Nominasjon av kandidatar til soknerådsvalet skjer i tida fram til 1. mai 2015. Forslag på kandidatar til soknerådet kan meldast til Åmli kyrkjekontor, Postboks 57, 4864 Åmli innan 15. april 2015.

Valføre er medlemmer av Den norske kyrkja som bur i soknet og som seinast i 2015 fyller 18 år.

Soknerådet har oppnemnt ein nominasjonskomite. Det er høve til å levere inn kandidatliste innan fristen 1. mai 2015. Forslag til kandidatlistar skal vere underskrivne av 10 røysteføre medlemmer. Ein av underskrivarane skal førast opp som kontaktperson. Kandidatar skal vere oppført med fornamn, eventuelt mellomnamn, etternamn og alder, samt adresse og yrke/stilling. Kandidatlista skal ordnast i prioritert rekkefølge (ikkje alfabetisk). Kandidatlistar bør ha minst 40 prosent representasjon av kvart kjønn, og minst 20 prosent representasjon av ungdom under 30 år.

Kyrkjevalet finn stad (13.-) 14. september 2015, med førehandsrøysting frå 10. august. Direkte val på leke medlemmer av bispedømmerådet finn stad samstundes med soknerådsvalet.